

Kjenner du til lokale tradisjonar knytta til Lucia 13. desember ?

13.12.2019



Finst det lokale tradisjonar knytta til Lucia og lussinatta 13. desember ?

Luciadagen vert som oftast markert i barnehagane med prosejon. Denne gongen vel Uskedalen.no ei anna løysing, nemleg å få fram bakgrunnen og tradisjonen med Lucia i Norden og i Sunnhordland. Knut Rage er tidlegare biblioteksjef på Tysnes, no aktiv i Tysnes Sogelag og med egne lokalhistoriske artiklar. Knut Rage har sagt ja til at Uskedalen.no kan få bruka det han skriv på si Facebookside. Dersom du kjenner til historiar og seiemåtar om Luciadagen 13. desember, er redaksjonen takksam for ei tilbakemelding.

I dag er det fredag 13. og me feirar ikkje mindre enn to helgenar, St. Lucia frå Syrakus og St. Magnus Orknøyjarl.

I heile Norden galdt Lucianatta for å vera den lengste natta i året, dvs. vintersolverv. Nokre stader kalte dei natta for midtvinterdagen, sikkert fordi den vart rekna som solverv.

Her i Sunnhordland meinte dei at bjørnen snudde seg i hiet denne dagen. På Stord sa dei: Kua rauta då midt på natta og sa: Lussinotto e longe. Veren breka til svar: Ja, ho er som to.

Luciadagen har ein altså feira langt tilbake i tida, men vår tids Lucia er av nyare dato. Det er ein svensk skikk frå seint på 1800-talet. Det første Lucia-opptoget fann faktisk ikkje stad før i 1927. Lucia levde på 300-talet og var i følge legenden ei velstående jente frå Syrakus. Mora hadde lova henne vekk til ein heidensk mann. Men då mora vart sjuk og helbreda for sjukdommen ville Lucia som takk gje vekk alt ho eigde til dei fattige, men vart i staden angjeven som kristen av friaren og kasta i fengsel.

Legenden fortel at ho stod støtt som eit fjell då dei ville tvinga henne inn på eit bordell, og etter at dei hadde prøvd å drepa henne på så mange slags vis, utan å lukkast fordi Herren verna henne, vart ho til sist hoggen ned med sverd, men med jomfrudommen i behald.

I tidlegare tider feira folk Monsmesse eller Mongsmessenatt. Og kven var denne Mons? Jo, det var den heilage Magnus Orknøyjarl, som vart dyrka som ein helgen etter sin død i 1115, men faktisk ikke saligkåra før i 1898. Skikken var at den eigentlege juleperioden byrja med denne natta. Då skulle alt grovarbeid vera ferdig, som tresking og spinning osv. Mange stader var det også ein fast regel at julegrisen skulle vera slakta innan denne dagen. I staden var tida inne for å ta fatt på lysestøyping og ølbrygging, og hestane skulle ha vintersko.

Så anten den 13. desember er vigd St. Magnus eller St. Lucia så er nok dette ein eldgammal skikk at denne dagen vert markert – ja, godt mogleg lenge før kristen tid.

Tekst: Knut Rage

Foto: Kunstbilete

Nett: Kristian Bringedal